

Styremøte i Vats Grendautval **Onsdag 2. juni 2010 på Vats skule kl. 19.30**

**Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Gro Karin Velde, Ingunn Skosheim Ohm,
Sevrerin Fatland, Jon Olav Velde**

**Dessutan møtte Harald Stuhaug, rådgjevar landbruk i Vindafjord kommune
under sak 1.**

Sak 1. NIVA sin rapport om Vatsvassdraget.

Forskar/prosjektleiar Anders Hobæk i NIVA har nå kome med rapporten om tilstanden i Vatsvassdraget. Undersøkelsen vart gjort i 2009.

Dette omfattar Vatsvatnet, Landavatnet + tilløpselvar.

Dette er ein svært omfattande og deltaljert rapport.

Styret drøfta rapporten og ser at Vatsvassdraget er svært belasta med næringsalter, fosfor m.m. som forringar vasskvaliteten – noko må gjerast her for å betra den økologiske balansen.

Konklusjon om den økologiske tilstanden:

øLandavatnet blir vurdert som Dårleg

Vatsvatnet blir vurdert som Moderat.

Tilløpselvane tilfører altfor mykje fosfor ut i vatna – dette må reduserast mykje for å oppnå god økologisk tilstand i vatna.

Avrenning frå landbruket er framleis den viktigaste forureiningskilda.

Vanndirektivet krev at vassdrag som får tilstandsklasse Moderat eller dårlegare, må det setjast i verk tiltak for å bringa vasskvaliteten til klasse God.

Vedtak: Grendautvalet vil saman med Vats bondelag, Grunneigarlaget, Forsøksringen kalla inn til eit møte saman med aktuelle personar i Vindafjord kommune (Harald Olav Stuhaug, Alf-Ole Bull Tornøe, Reidar Bjorda, Kjell Kjærlandl) + leiaren for samstyret for bondelaga i Vindafjord i siste halvdel i august for å drøfta eventuelle tiltak som kan gjerast for å betra tilstanden i Vatsvassdraget.

Møte blir tysdag 17. august i Vindafjordhallen kl. 19.30

(Det blir sendt ut påminning om møtet i august.)

Sak 2. Kommuneplanen – høyring-konsekvensutgreiing.

Grendautvalet hadde ingen klare merknader til denne.

Sak 3. Høyring av rapport om avvikling av utrangerte offshoreinstallasjoner.

Grendautvalet ser at dette er eit svært omfattande dokument som krev god fagleg innsikt i dette komplekse arbeidet som må gjerast i åra som kjem. Alle utrangerte oljeplattformer som skal demonterast, inneheld mange farlege gifter – spesialavfall som må takast hand om på forsvarleg og profesjonell måte på godkjende anlegg.

Den 18. mai kom miljøvernminister Erik Solheim til Vindafjordhallen der Klif (Klima- og forurensingsdirektoratet) la fram ein rapport til ministeren som gir anbefalingar om korleis slike installasjonar skal handsamast/demonterast for å unngå at det blir avrenning ut i naturen..

Ved nasjonal føring blir det ikkje opp til dei enkelte kommunane eller fylka å vurdere

korleis slike anlegg skal handtera slike oppdrag i framtida.
I rapporten er det lista opp mange strenge krav til alle mottaksanlegg.
Jfr.brev på nettet:

www.klif.no/Aktuelt/Nyheter/2010/Mai-2010/Avvikling-av-utrangerte-offshoreinstallasjoner/

AF Decom ute på Raunes har allereie ein høg standard, men må finna seg i å bli kontrollert og få tilsyn for sitt arbeid og retta seg etter alle nye krav som måtte koma. Grendautvalet er svært tilfreds med at det nå blir utarbeidd nasjonale føringar for alle som skal ta seg av slike gamle utrangerte plattformer som kan vera miljøbomber om dei ikkje blir handsama på ein skikkeleg måte. Dette har vore eit ynskje frå alle partar.

Sak 4. Sykkel- og gangsti langs E 134

Anne Karen og Øyvind Eikeland har skrivt brev til Vindafjord kommune v/ordførar Arne Bergsvåg om sykkel – og gangsti langs E 134 frå Aurdal til Eikeland i Øvre Vats. Grendautvalet ser svært positivt på slike initiativ og støttar søknaden fullt ut. Grendautvalet ser at E 134 har ein stadig aukande trafikk og ynskjer sterkt at noko må skje med dei mjuke trafikande som ferdast langs denne vegen - også utover frå Knapphus mot Skjold. Grendautvalet vil også på nytt peika på vegkrysset ved Knapphus til R 46 ned mot Kårhus som heilt utilfresstillande. Her må lagast ei ventefil eller ei rundkjøring og lagast ein sykkel- og gangsti nedover til Kårhus. Denne vegstrekinga har hatt ein stor aukande trafikk.

Sak 5. Veglysprosjekt langs E 134 ved sykkel- og gangsti i Øvre Vats.

Grendautvalet ynskjer svært sterkt at det må skaffast pengar til å fullføra veglysprosjektet som er under fullføring ved sykkel- og gangstien frå Knapphus og innover mot Aurdal. Dugnadsnemnda har grove kabelgrøft og lagt ned kabel og fundament frå Knapphus til Sjurseike. Denne strekingen er fullført. Det er også lagt ned kabel og fundament til 15 master frå Sjurseike og inn til Øvre Vats bedehus, men sykkel- og gangstinemnda manglar pengar til sjølve mastene. Grendautvalet ynskjer at kommunen eller Statens vegvesen kan hjelpa til med å finansiera pengar for å få fullført dette prosjektet som har vore eit dugnadsprosjekt.

Sak 6. Turstiprosjekt i kommunen.

Jon Olav Velde orienterte om dette prosjektet. Han har ansvaret for Vats. Grendautvalet ser stor nytte og verdi i slike prosjekt som tilrettelegg friluftaktivitetar for folk i bygdene. Det er stor aktivitet rundt omkring for tilrettelegging av turstiar. I Vats er det nå set opp 8 informasjonstavler med kart og informasjon om turane + parkeringsskilt på 4 stader i Nedre Vats og 4 stader i Øvre Vats.

Sjå heimesida til Vats - vatsnett.com - under fana Fritid/turisme.

Merking, rydding og skilting gjer at det er mykje betre og tryggare å koma seg ut i ukjent naturområde i fjellet eller i skog og mark, langs vatn og sjø.

Dette med å laga eigne parkeringsplasser m/skilt hos grunneigerane gjer det enklare å setja bilen frå seg på tilviste plasser der turane startar.

Sak 7. Ungdomshuset i Nedre Vats.

Severin Fatland som er leiar i styret for Ungdomslaget, har drøfta kva dei skal gjera med dette huset som nå står ubrukt. Noko endeleg konklusjon har dei ikkje kome fram til, men dersom det er ungdommar som har lyst å ha ein samlingsplass i dette huset, er det ynskje om å renovera huset slik at det ikkje forfell for mykje. Styret ser det som viktig at ungdommane kan ha ein stad å ”boltra” seg på i fritida i sitt eige lokale.

Sak 8. Vindkraft.

Åsmund Kalstveit orienterte om at det blir arbeidd vidare med vindkraftprosjekt i kommunen. Det er Døldarheia mellom Vats og Sandeid som har peika seg ut. Det skal vera eit grunneigarmøte den 17. juni om dette prosjektet som Haugaland Kraft m.fl. står bak. Det skal gjennomførast vindmålingar m.m. før ein ta stilling til det heile. Kva tid og korleis ein skal arbeida vidare, er ikkje avklart endå. Dette var berre ein orientering om at prosjektet er under planlegging.

Øvre Vats 3/6 – 10

Jon Olav Velde
-leiar/skrivar-